
Fra: Kusslid, Liv Astrid Nordheim <fmsfno@fylkesmannen.no>
Sendt: torsdag 24. oktober 2019 12:01
Til: *FMVL Postmottak til alle kommunane 2019
Kopi: Vatshelle, Åshild Hjørnevik; Vatshelle, Øyvind; Kalland, Odd Ivar; Haugsvær, Bjørn-Harald
Emne: Regionalt miljøprogram: Viktig avklaring kring tilskot til nedfelling/nedlegging

Til jordbruksforvaltninga i kommunane

Presisering kring tilskot til nedfelling/nedlegging

I rettleiingsheftet for Regionale miljøtilskot i omtalen av tilskot til nedlegging/nedfelling står ma fylgjande:

*«All husdyrgjødsel på eit **areal** i ein vekstsesong må vera tilført med nedfelling eller nedlegging for at arealet skal kunne godkjennast. Eit føretak treng ikkje fylla krava til tilskotet for alt areal det disponerer, men det **arealet** det vert søkt om tilskot for skal fylla alle vilkåra til tilskotet».*

Diverre så har omgrepet «areal» i teksten over skapt litt forvirring hjå enkelte søkarar og kommunar, og Fylkesmannen ynskjer difor her å koma med ei presisering:

Med «areal» meiner ein her konkret det arealet som faktisk er gjødsla med denne metoden, uavhengig av skifte og teigar. Det vil sei at søkar kan avgrensa arealet slik han ynskjer. Arealet det vert søkt om tilskot for kan såleis vera eit skifte, ein teig, ein del av ein teig eller ein del av eit skifte. Det viktige er at arealet det blir søkt om tilskot for tilfredstillar alle vilkåra som vert stilte, sjå omtale av tiltaket frå rettleiingsmaterialet under:

Tilskot til nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel

Det kan gjevast tilskot for spreieing av husdyrgjødsel og biorest ved nedlegging eller nedfelling på **fulldyrka og overflatedyrka areal**. Formålet med tiltaket er å auke gjødslingseffekten, motverke utslepp til luft og redusere forureining av vatn.

Tiltaket er ikkje avgrensa til utvalde område, og tiltaket kan gjelde alt fulldyrka og overflatedyrka areal som eit føretak disponerer. **All husdyrgjødsel på eit areal i ein vekstsesong må vere tilført med nedfelling eller nedlegging for at arealet skal kunne godkjennast. Eit føretak treng ikkje fylla krava til tilskotet for alt areal det disponerer, men det arealet det blir søkt om tilskot for skal fylla alle vilkåra til tilskotet.**

Siste frist for spreieing på areal med nedfelling/nedlegging er 10. august, og arealet skal haustast ved slått eller beiting etter den siste spreieinga i søknadsåret. Husdyrgjødsel og biorest som er spreidd ved nedlegging i open åker, må moldast ned innan to timar. Det skal spreieast minimum 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsel per dekar. Føretaket skal ha **gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.**

Tilskotet blir fastsett per dekar. Det kan gjevast tilskot for maksimum 100 dekar per føretak. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot til spreieing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen.

Utmålingseining og førebels tilskotssats

- **kr 50 per daa**

(Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel på full- og overflatedyrka areal innan 10.august for inntil 100 dekar per føretak, der all husdyrgjødsel på eit areal i ein vekstsesong er tilført med nedfelling eller nedlegging. NB! Tiltaket er nytt for Sogn og Fjordane, og det er endra for Hordaland)

Med venleg helsing

Liv Astrid Nordheim Kusslid
seniorrådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 57 64 30 87

E-post: fmsflno@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl